



Stusdal VVS AS  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1158 - 16/14543

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
31.05.2016

## Løyve til etablering av minireinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett for fritidsbustad gbnr 119/9 Sundsbø

### Administrativt vedtak. Saknr: 261/16

Tiltakshavar: Frank Iversen

Ansvarleg søker: Stusdal VVS AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett for fritidsbustad på eigedom gbnr. 119/9 Sundsbø. Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid og leidningsnett.

Det vert elles vist til søknad motteke 06.06.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker i vedtak om utsleppsløyve datert 20.05.16. Der det vart kravd dokumentert privatrettslegavtale til utvida bruk av eksisterande jordbruksgrøft som kryssar kommunalveg.

Ansvarleg søker og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsysten og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.05.16 etter uttale og synfaring utført av Lindås kommune v/Teknisk drift

Frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad.

### Dispensasjon



Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre slik uttale frå Teknisk drift, datert 26.05.16:

Teknisk drift har vore på synfaring vedkomande krav om dokumentasjon på rett til å føre utsleppsvatn gjennom kommunal veg. Det er ikkje jordbruksgrøft som går gjennom kommunal veg som vist på innsendt situasjonskart.

Dette vart stadfesta av grunneigar. Jordbruksgrøft går mot heilårsvass i same side som hytta og det er derfor ikkje nødvendig å krysse vegen.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Teknisk drift har ved uttale, dokumentert at vegavdelinga er kjent med saka.

Det ligg føre privatrettsleg avtale med grunneigar av gbnr. 119/2, Marianne Sundsbø, for utslepp av grå- og sortvatn frå Biovac minireinseanlegg. Avtala er datert 22.03.16.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 26.02.16, dagsett 06.04.16.

Plassering av jordbruksgrøft synt på innsendt situasjonsplan er ikkje rett, jf. uttale frå Teknisk drift. Jordbruksgrøfta kryssar ikkje kommunal veg, men går på oppsida av vegen til bekke med heilårsvass på same side av vegen som fritidsbustaden ligg.

Det skal seinast ved søknad om mellombelsbruksløye/ferdigattest dokumenterast rette tilhøve ved oppdatert situasjonsplan.

Avstand frå minireinseanlegg til offentleg veg er i kommunen sitt kartsystem målt til over 15 meter.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløye i administrativ vedtak saknr. 249/16, datert 20.05.16 gjeve utsleppsløye. Utsleppsløye gjeld for fritidsbustad for inntil 5 PE.

#### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til auka/endra bruk.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av minireseanlegg samt leidningsnett. Det skal seinast ved søknad om mellombels bruksløye/ferdigattest dokumenterast rett plassering av jordbruksgrøft og utsleppstraé

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## VURDERING

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Rett plassering av jordbruksgrøft skal dokumenterast.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det gjeve eittrinnsløyve for etablering av minireinseanlegg på eigedom gbnr. 119/9. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 26.02.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
3. **Vilkår gjeve i utsleppsløyve datert 20.05.16 gjeld for tiltaket.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:**

- **Oppdatert situasjonsplan som syner faktisk plassering av jordbruksgrøft og utslepstrasé.**
- **Faktisk plassering av anlegget må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

**Kommunen legg gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett datert 05.04.16, dagsett 06.04.16 til grunn for tiltaket.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1158**

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Frank Iversen                      Austrheimsvegen 104    5953                      FONNES

### **Mottakarar:**

Stusdal VVS AS                      Apalen 17                      5915                      HJELMÅS